

Referat frå styremøte nr. 5-2021

Dato: 7. mai 2021

Tid: kl. 10.30-12.30

Stad: Teams

Til stades frå styret:

Styreleiar Vebjørn Krogsæter (varaordfører i Ålesund kommune)

Nestleiar Eva Hove (ordfører i Fjord kommune)

Styremedlem Eva Vinje Aurdal (ordfører i Ålesund kommune)

Styremedlem Dag Olav Tennfjord (politikar i Ålesund kommune)

Styremedlem Bjørn-Halvor Prytz (ordfører i Herøy kommune)

Styremedlem Harry Valderhaug (ordfører i Giske kommune)

Styremedlem Sølvi Dimmen (ordfører i Volda kommune)

1. vara Geir Inge Lien (ordfører i Vestnes kommune)

Frå administrasjonen i SR:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Rådgivar Vegard Austnes

Utviklingsrettleiar Torunn Måseide

Referent:

Vegard Austnes

Sak 35/21: Velkommen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt
Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Styreleiar ønskte velkommen til møtet. Møteinnkallinga vart godkjend.
Til eventuelt melde styremedlem Dag Olav Tennfjord ei sak om vassforvaltning.

Sak 36/21: Godkjenning av referat frå styremøte nr. 4-2021 (09.04.21)
Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Referatet frå styremøte nr. 4-2021 vart godkjend.

Sak 37/21: Årsmelding og rekneskap 2020
Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Aurdal la fram årsmeldinga og årsrekneskapen for 2020.

Resultatrekneskapen viste eit årsresultat (inkl. renteinntekter) i 2020 på kr. 41 644,-.
Aurdal viste til at SR i 2020 hadde fått meir eksterne midlar til utdanningsprosjektet enn året før, samt at det har vore færre fysiske møter på grunn av koronasituasjonen.

Driftsinntektene frå kommunane til SR var i 2020 til saman kr. 4 477 084,-. SR mottok eksterne tilskot på til saman kr. 1 529 500,-.

I høve til note 4 i årsrekneskapen, bad styret dagleg leiar sjekke kor mykje midlar som er brukt i prosjektet Sunnmøre soningssenter i 2020.

Styret bad dagleg leiar undersøkje kva husleigeavtale SR har og kva behova vil vere framover (under dette undersøkje moglegheiter for samlokalisering).

Vedtak: Styret godkjenner årsmeldinga og rekneskapen for 2020. Årsmeldinga og rekneskapen vert lagt fram for representantskapet til endeleg godkjenning.

Sak 38/21: Oppsummering av Arena Sunnmøre 2021
Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter og dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Styreleiar viste til notat frå dagleg leiar med oppsummering av Arena Sunnmøre 2021. Etter dette var det ein runde i styret med tilbakemeldingar på korleis ein opplevde arrangementet.

Tilbakemeldingane var m.a. følgjande:

- fagleg sett traff arrangementet godt
- teknisk sett fungerte det fint
- bra å verte delt i grupper, men det vart kort tid til gruppearbeidet

På neste styremøte vert det oppfølging i høve til dei tema som kom fram i gruppearbeida på Arena Sunnmøre 2021. Styret såg det som aktuelt å arbeide for å ha liknande digitale arrangement i framtida.

Sak 39/21: Forslag til uttale frå Sunnmøre Regionråd om Meld. St. 19 (2020–2021) Styring av statlige universiteter og høyskoler (jf. sak 31/21 på styremøte nr. 4-2021)
Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal og utviklingsrettleiar Torunn Måseide i Sunnmøre Regionråd

Måseide presenterte eit forslag til uttale.

Styret bad dagleg leiar undersøkje med kommundirektørane i SR om det finst forskingsoppgåver i kommuneorganisasjonane for bachelor- og mastergradsstudentar. Dette kan vere ein måte å få nytta kunnskap frå Høgskulen i Volda og NTNU i Ålesund i kommunane på Sunnmøre.

I møtet vart det peika på at det også ha viktig å ha fokus på etter- og vidareutdanning.

Sak 40/21: Etablering av revidert samarbeidsstruktur og helsefellesskap med sekretariat (jf. sak 32/21 på styremøte nr. 4-2021) Ved rådgivar Vegard Austnes i Sunnmøre Regionråd

Austnes viste til at oppnemninga frå SR til det øvste nivået i samarbeidsstrukturen mellom Helse Møre og Romsdal (HMR) HF og kommunane - partnerskapsmøtet - no er avklart:

- **Ordførarar:**
Sølvi Dimmen (Volda kommune)
Eva Vinje Aurdal (Ålesund kommune)
- **Kommunedirektørar:**
Verner Larsen (Ulstein kommune)
Geir Ove Vegsund (Sykkylven kommune)
- **Kommunalsjefar helse:**
Svein Berg-Rusten (Volda kommune)
Kjetil Fylling (Sula kommune)

Austnes orienterte vidare om at det skal vere eit møte i samarbeidssekretariatet i Helsefellesskapet mellom HMR HF og kommunane i fylket 19. mai 2021. Inntil representant frå respektive søre og nordre Sunnmøre er på plass i sekretariatet følgjer Austnes opp dette.

Samarbeidsavtalen mellom HMR HF og kommunane i fylket finn ein [her](#), sjå kap. 5 Samarbeidsfora - «Helsefellesskap Møre og Romsdal».

Sak 41/21: Handlingsplan for Sunnmøre Regionråd (jf. sak 33/21 på styremøte nr. 4-2021)

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter og dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Eit uferdig utkast til handlingsplan (arbeidsdokument) var sendt ut til møtet.

Styret kom med ei rekkje innspel til korleis utkastet til handlingsplan kan utviklast vidare, m.a følgjande vart nemnd:

- SR si deltaking i Utviklingsforum for Ålesund Lufthavn, Vigra AS
- Samarbeidet med Romsdal Regionråd og Nordmøre Interkommunale Politiske Råd
- Styreverv i m.a. vegselskap, utviklingsselskap og reiselivsselskap
- Ulike interkommunale samarbeid
- Oppfølging av Arena Sunnmøre (iht. demografiutfordringar)
- Interessentanalyse framfor målgruppe
- Ta utgangspunkt i visjonen til SR
- Samfunnsutvikling – næringsliv og samferdsel

Frå styret vart det nemnd at SR kan engasjere seg i ting som er etablert og vere ein katalysator for betre samarbeid.

Styret kjem tilbake til saka på neste styremøte.

Sak 42/21: Eventuelt

Styremedlem Dag Olav Tennfjord tok opp ei sak om vassforvaltning. Regional vassforvaltningplan er ute på høyring. Vassforvaltning er eit saksområde som er aktuelt på tvers av kommunane.

Dagleg leiar tek kontakt med Tore Johan Øvstebø vedkomande om SR skal sende ein invitasjon til deltakarkommunane til å delta på Ålesund kommune sitt webinar 20. mai d.å. om miljøanlegg for reinsing av avløpsvatn på Kvasneset.

Styret såg ulike tema relatert til hav og vatn som aktuelle på framtidige møter i SR.

På slutten av møtet orienterte styremedlem Harry Valderhaug om at Foreninga Sjukehuset Vårt kan gi styret ei oppdatering om etablering av PET-tilbod i HMR.